

Foreldremøte 12.09.17

- Rune informerte om:
 - Chromebook. Hå kommune har gått ut med at alle elevar i grunnskulen skal få kvar sin chromebook. Samfunnet er i stadig utvikling mot meir digitalisering. På 4 trinn får me desse i løpet av vår-halvåret. I første omgang bruker vi desse kun på skulen, men vidare på barneskulen blir desse og brukt til lekse heime. Det kjem meir info når det blir aktuelt.
 - Endring i Opplæringslova kapittel 9A som omhandlar elevens skulemiljø. Det ligg fleire linkar på heimesida om de vil lese meir om dette. (Tryggskule.no, nullmobbing.no og "Meld frå om mobbing")
- Matte: Vi lærer multiplikasjonstabellen fram til jul (1-10 gongen). Det er gongestykkje på vekeplanen som me vil at de har ekstra fokus på heime.
- Gym og symjing: Vi noterer ned gløynde sko, klær og handkle. 3 gonger med gløyning er beskjed heim. Det har kome nye krav til kva dei skal kunne i symjing innan 4. klasse.
- Kunst og handverk: Vi skal lære å strikke, og startar opp etter haustferien. Me tek imot hjelp frå foreldre, besteforeldre eller andre de skulle kjenne med stort takk. Kunsttimane er kl.08.20-10.50 kvar tysdag. Om nokon har strikkepinnar, kan elevane bruke desse - hugs namn på dei.
- Mat og helse: Oppskrifter kjem ut på Google-disk der elevane har sin eigen brukar. Dei har laga passord på skulen.
- Sykkel: Frå våren i 4.klasse blir det meir sykling på skulen. I tillegg kjem politiet i løpet av våren og sjekkar at syklane har det utstyret som er pålagt. Det kan vere fint å tenkje på å eventuelt gå til, eller finne ut kven ein kan låne sykkel av, til sykkeldagane som kjem i åra framover.
- Klassekontaktar:
 - A: Kristine Torland Laupland, Lisebeth Fuglestad (vara) 2 år
 - B: Veronika Sandstøl Straumbotn, Anja Ulriksen Rygg (vara) 1 år
 - C: Ellen Espedal, Gro Roaldsen (vara) 2 år
 - D: Heidi Sele, May Rita Hadland Lea (vara)
 - E: Mona Vigre, Marie Eggebø Stokke (vara) 2 år